

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/22	Formannskapet	PS	03.02.2022

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Christopher Marius Straumøy	Gbnr-144/8	21/1208

Dispensasjon frå byggegrense og pbl. § 1-8 - støyskjerm og gangveg - gbnr. 144/8 - Kilstraumen

Vedlegg:

Vedlegg - illustrasjon av område med støyskjerm - 5

Vedlegg - illustrasjon av område med støyskjerm - 4

Vedlegg - illustrasjon av område med støyskjerm - 3

Vedlegg - illustrasjon av område med støyskjerm - 2

Vedlegg - illustrasjon av område med støyskjerm - 1

Vedlegg - teikning av støyskjerm - 2

Vedlegg - teikning av støyskjerm - 1

Tilleggsinformasjon dispensasjonsøknad gangveg og støyskjerm gbnr 144/8/0/125

Oversendingsmail - Tilleggsinformasjon dispensasjonsøknad gangveg og støyskjerm

AcosSvarInn.xml

Uttale - Austrheim - 144/8 - oppføre støyskjerm - dispensasjon

AcosSvarInn.xml

15_Skjema_KAN-INNEHOLDE-PERSONOPPLYSNINGER.xml

14__Vedleggsopplysninger.pdf

13_ANKO_Gjennomføringsplan.pdf

12__Vedleggsopplysninger_KAN-INNEHOLDE-PERSONOPPLYSNINGER.xml

11_ANKO_Gjennomføringsplan_KAN-INNEHOLDE-PERSONOPPLYSNINGER.xml

10_KORR_Folgebrev_Folgebrev.pdf

9_ANKO_ErklaeringAnsvarsrett_ErklæringOmAnsvarsrett-UTF_Anleggspartner AS.pdf

8_ANKO_ErklaeringAnsvarsrett_ErklæringOmAnsvarsrett-PRO_BYGGADMINISTRASJON HARALD

BJØRNDAL AS.pdf

7_TEGN_TegningNyPlan_Gangvei markert med støyskjerm.pdf

6_KART_Situasjonsplan_B1 - revA.pdf

5_KORR_KvitteringNabovarsel_Kvittering-for-nabovarsel-20211130-1434.pdf

4_KORR_Nabovarsel_Nabovarsel-20211130-1434.pdf

3_SØK-DISP_Dispensasjonssoeknad_Sign. disp.pdf

2__valideringsrapportFraFellestjenesterBygg.xml

Søknad om rammeløyve gbnr 144/8

AcosSvarInn.xml

Svar - Søknad om dispensasjon frå byggegrense - støyskjerm og gangveg - fv. 565 - gbnr 144/8 - Austrheim kommune

AcosSvarInn.xml

Situasjonsplan - gangvei

Situasjonsplan gangvei markert med støyskjerm

xml_skjemadata.xml

Søknad om dispensasjon frå byggegrense - FV 565 - gbnr 144 /8

AcosSvarInn.xml

Kulturminnefagleg merknad - mangelbrev - dispensasjon - gangveg og støyskjerm - gbnr 144/8 - Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til rammeløyve for omsøkt gangveg:

1. Gangveg byggast i tråd med føresegna i bebyggelsesplan punkt 4.1.1.
2. Gangveg må ikkje kome i konflikt med kulturminne på staden.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland og Vestland Fylkeskommune for klagevurdering.

Formannskapet - 017/22 - 03.02.2022

FS - behandling:

Helge Dyrkolbotn (KrF) var ugild i denne saka på grunn av tilknyttingar til Kilstraumen Brygge. Dyrkolbotn vart erstatta av Anne Dahle Austrheim (KrF).

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka.

Inger Lise Brekke (H) spurte om korleis planane om støyskjerm er vurdert opp mot ålmenta, dei som passerer på vegen, og estetisk. Straumøy svara at det må leggast fram støymålingar som viser at skjerminga er naudsynt. Støyskjermen er uansett ikkje med i vedtaket no.

Reidar Øksnes (Sp) sa at lågare fart også kan vera eit tiltak for å redusera støyen. Her svara Per Lerøy (Ap) at Kilstraumen Brygge også har spela inn dette med lågare fart forbi plassen.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

FS vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til rammeløyve for omsøkt gangveg:

1. Gangveg byggast i tråd med føresegna i bebyggelsesplan punkt 4.1.1.
2. Gangveg må ikkje kome i konflikt med kulturminne på staden.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.


Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland og Vestland Fylkeskommune for klagevurdering.


Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det er kome inn dispensasjonssøknad til rammeløyve for oppføring av to støyskjermer og gangveg i Kilstraumen. Søknaden ønsker dispensasjon frå byggegrense mot veg i område og pbl. § 1-8.

1. Når det gjeld **gangvegen** er det etter føresegna i bebyggelsesplan-id: 2002004 opent for att det kan utviklast gangveg rundt friluftsområdet i strandsona. Grønt er markert som friluftsområde, og raudt strek markerer friluftsområde i sjø for planlagt gangveg.





Utsnitt frå reguleringsplanen Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen, plan-id 2014005

Denne reguleringsplanen utfyller saman med bebyggelsesplanen den konkrete reguleringa for området.




plassering til omsøkt gangveg markert med burgunder.

2. Når det gjeld **Støyskjermane** treng disse dispensasjon frå avstandskravet til veg, jf. veglova § 29.

Planstatus er den same her som for gangvegen.

Vidare er det i KPA (Id-2013001) avsett område til Næringsområde:






Utsnitt frå KPA. Heile område er markert i lilla – arealformål Næringsområde.



Flyfoto av omsøkt område.

Illustrasjon av omsøkt støyskjerm.





Søkar har grunngeve søknaden slik:

Jf. Plan og bygningsloven §19-2. Søknad om dispensasjon fra PBL §1-8 forbud mot tiltak mv langs sjø og vassdrag.

Søknad om dispensasjon fra avstandskravet til Fylkesvei

Tiltakshaver Kilstraumen Brygge AS ønsker å tilby nærmiljøet og gjester til rorbuene samt gjester til båthavnen en trygg mulighet til å spasere en liten tur på holmen og under Kilstraumbroen. Se vedlagt illustrasjon og tegninger

Turstien vil også være til allmenn glede, og det er en sti som også vil heve tilbudet Kilstraumen Brygge AS har til sine gjester.

Turstien/ gangstien vil bli anlagt uten de store inngripen i naturen, og vil legges naturlig inn i terrenget. Tiltaket vil også være mulig å reversere dersom det i fremtiden skulle dukke opp noe som gjør at turstien /gangveien er til hinder for andre eventuelle tiltak.

I tillegg søkes det om oppføring av støyskjerm langs Austrheimsvegen. Noe som heller ikke vil være til hinder eller sjenanse for omkringliggende bebyggelse eller ferdsel. Tiltaket er ment som støy skjerming av uteoppholdsareal. Støyskjermen vil bli satt opp i naturlig materialer slik at det ikke blir skjemmende for forbipasserende eller området ellers.

Det er sendt inn egen søknad om dispensasjon vedr. støyskjermene angående avstandskrav til Fylkesvei til rette veimyndighet.

I Kommuneplanens arealdel 2019-2029 står det følgende:

§ 1.6.2 Byggjegrænse mot sjø

Følgjande byggjegrænse gjeld mot sjø i eldre eksisterande reguleringsplanar for areal lagt ut til følgjande føremål så framti anna byggjegrænse ikkje er vist i kommuneplankartet eller reguleringsplan:

a. Fritidsbustad bustad (ny eining) = 30 m

b. Hamn/kai = 0 m

c. Naust (framtidig og eksisterande), småbåthamn, båtøpptrekk, flytebryggjer og fellesanlegg = 0m

d. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur med underføremål = 0 m

e. Næring/industri = 0 m

Privat:

Harald Bjørndal
Bjørndal, 5640 Eikelandsosen
tlf: 56585119 mob: 970 63 526

André Bjørndal
Bjørndal, 5640 Eikelandsosen
tlf: 56581008 mob: 950 42 104

Org. nr: 992238755

På bakgrunn av §1.6.2. d i Kommuneplanens arealdel, og at gangveien/turstien er til allmenn benyttelse, søkes det ikke dispensasjon fra gjeldende kommuneplan. I forhold til avstands kravet mot sjø og vassdrag, søkes det om dispensasjon fra PBL § 1-8 Forbud mot tiltak lands sjø og vassdrag.

Søknad om dispensasjon fra PBL §1-8 forbud mot tiltak mv langs sjø og vassdrag.

På bakgrunn av overforstående søkes det dispensasjon fra PBL § 1-8. Turstien vil som skrevet over tar hensyn til allmennheten, det vil heller ikke virke inngripende i naturen med anleggelsen, dermed vil det heller ikke være ulemper med et slik tiltak. Turstien vil heller ikke komme i konflikt med formålet bak loven. Vi ber derfor kommunen innvilge vår søknad om dispensasjon om anleggelse av tursti/gangvei og støyskjermer.

Tilleggsopplysninger vedr. Tursti/gangvei og støyskjermer Kilstraumen 1, gnr. 144 bnr. 8/0/125 i Austrheim kommune

Vedlagt finnes illustrasjoner av støyskjermerne som er planlagt satt opp langs riksveien. Høyden på støyskjermerne er planlagt 3 meter høy, og trapper seg oppover med terrenget. Se vedlagte tegninger.

Det er svært ønskelig for Kilstraumen 1 at det blir satt opp støyskjermer, dette for å skjerme overnattingsgjester for trafikkstøy. En annen grunn er ønsket om å skjerme omgivelsene for eventuell støy når det foregår arrangement på uteplassen til Kilstraumen 1.

Søknaden vert send til uttale til Statsforvalteren og Vestland fylkeskommune (eigar av veg):

Statsforvalteren uttala følgjande:

Området har ein komplisert planstatus som kommunen ikkje har gjort greie for i oversendinga, kommunen har heller ikkje tatt stilling til kva som er naudsynte dispensasjonar i saka. I kommuneplanen er området sett som næringsområde. I Bebyggelsesplan for Kjelstraumen er området sett som friluftsområde på land og anna veggrunn. Reguleringsplan for gang/sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftsområde Ulvøy ligg også i området. Det ser ut som den omsøkte gangvegen går litt i LNF-formål og litt i anna veggrunn i denne planen. Vi legg til grunn at kommuneplanen utfyller eldre reguleringsplanar og at nyaste plan gjeld ved motstrid jf. føresegn 1.1 i kommuneplanen sin arealdel. Kommunen må gjere ei grundig vurdering om kva dispensasjonar som er naudsynt. Vi minner også om at ein dispensasjon krev grunngjeve søknad jf. pbl. § 19-1.

Vi gjer elles merksam på at plandokumentata for reguleringsplan for gang/sykkelveg ikkje ligg i planregisteret i Nordhordland, det same gjeld for plankartet til kommuneplanen. Kommunen bør snarast legge dette inn slik at dei er tilgjengeleg for alle.

Etter det vi kan sjå vil gangvegen i stor utstrekning ligge i areal med friluftformål i bebyggelsesplan. Det er føresegn i bebyggelsesplanen som gjeld friluftsområde:

- 4.1.1 Det kan opparbeides en gangvei/brygge langs eiendommens strandlinje i friluftsområdet. Bredden på denne skal være maksimum 1.5 m. Gangvei/brygge skal bygges i en lett konstruksjon som fundamenteres på land eller i fjæra. Gangvei/brygge kan evt. anlegges som flytebrygge utenfor fylling sør for riksveien. I området ved/under bro kan det bygges mindre treplattinger på land for opphold og fiskeplass.

Bebyggelsesplanen opnar for ein gangveg i friluftsområdet. I søknaden er det ikkje spesifisert korleis vegen skal byggast. Om den ikkje skal vert bygt i samsvar med føresegn 4.1.1 vil det vere naudsynt med dispensasjon frå føresegna.

Vi kan ikkje sjå at det er lagt inn ei byggegrense i kommuneplanen, og legg difor til grunn at det er naudsynt med dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8. Kommunen må vurdere om viktige omsyn i strandsona som landskap, grønstruktur, naturmangfald og friluftsliv vert sett vesentleg til side. Det er store friluftinteresser i sjøen i dette område, som gjer landskap sett frå sjø til eit sentralt tema.

I søknad om dispensasjon er det ikkje grunngjeve kvifor ein ønsker å bygge denne vegen. Kommunen ser på det som eit trafikktryggleikstiltak langs veg, men vegen er anlagt meir som ein liten tursløyfe i strandkanten til og frå Kilstraumen brygge. Tursløyfa kryssar fylkesvegen to gangar, og kan føre til auka kryssing av fylkesvegen. Kommunen må vurdere trafikktryggleiken grundig.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering

Vestland fylkeskommune uttala følgjande:

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har mottatt søknad frå dykk datert 24.11.2021 som gjeld dispensasjon frå byggegrense for å oppføre støyskjerm og bygge gangveg langs fylkesvegen.

Omsøkt areal er regulert i bebyggelsesplan for Kjelstraumen og i reguleringsplan for gang/sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftsområde Ulvøy. Dispensasjonssaka skal derfor behandlast etter plan- og bygningslova. Fylkeskommunen har rett til å uttale seg til søknaden fordi vi er direkte berørt, jf. pbl. § 20-1.

Vestland fylkeskommune har ikkje merknad til at det blir bygd gangveg langs sjøen slik det er skissert i situasjonsplanane.

Når det gjeld støyskjermen langs fylkesveg 565 viser vi til [Rammeplan 2021-2024](#) som viser at fylkesvegen ligg i streng haldningsklasse, og er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon. I denne haldningsklassen er det tilrådd at vi skal legge byggegrensa i veglova på 50 meter til grunn. Det er opna opp for unntak. Då skal følgjande omsyn ligge til grunn, jf. rammeplanen: «Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 70 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggegrensa vurderast. Støykrava i byggt teknisk forskrift skal oppfyllest.»

Det er ikkje gang- og sykkelveg på staden. Fartsgrensa er 60 km/t. Tiltaket kjem derfor delvis inn under kriteria for unntak.

For å kunne ta stilling til støyskjermen meiner vi det må leggest fram ei støyvurdering og ei grunngeving for at støyskjermen skal stå der det er søkt om. Det må og leggest fram teikning som viser korleis støyskjermen skal utformast med skildring av materialbruk, og det må utarbeidast eit situasjonskart som viser kor den skal plasserast. Det skal vere ført på situasjonsplanen avstanden støyskjermen skal ha til vegmidte på fylkesveg 565. Vedlagt situasjonskart er ikkje godt nok grunnlag for å vurdere søknaden.

Vi viser til at det er regulert gang- og sykkelveg langs fylkesvegen på denne strekninga. Ein eventuell støyskjerm kan ikkje kome i konflikt med framtidig bygging av gang- og sykkelvegen, og kan derfor ikkje plasserast i areal med føremål gang- og sykkelveg eller fortau i reguleringsplanen.

Utover dette er fylkeskommunen opptatt av at plassering av støyskjerm ikkje skal vere til ulempe for drift og vedlikehald av fylkesvegen.

Før kommunen avgjer saka, rår vi til at de får det nemnde tilleggsmaterialet frå søkar. Vi ber om at de rådfører dykk med oss, dersom støyskjermen skal plasserast nærmare vegmidte enn 10 meter.

Videre sendte **Vestland Fylkeskommune** kulturminnefagleg merknad 21.01.22:

Kulturminnefagleg merknad - Mangelbrev - Dispensasjon – Gangveg og støyskjerm - gnr. 144, bnr. 8 - Austrheim kommune

Viser til brev datert 22.12.2021, motteke 12.01.2022 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Området er del av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA, Askeladden id. K416), Kjelstraumen er vist som kjerneområde G, og er eit viktig kulturmiljø.

Vi ber om teikningar med snitt og plan som visar omfang og detaljering av omsøkte gangveg samt støyskjerm. I tillegg ber vi om illustrasjonar som visar nær- og fjernverknad av tiltaka frå sjø og land (ikkje berre i fugleperspektiv).

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>

Det er registrert automatisk freda kulturminne i sjø, nær planlagde gangveg, Askeladden id. 89229.

Innsendte dokumentasjon av omsøkte gangveg er ikkje vist i detalj. Vi forutset at ingen delar av veganlegget er planlagt i sjø (fylling, fundamentering). Om delar av tiltaket er planlagt i sjø må dette avklarast med Bergens Sjøfartsmuseum før det eventuelt blir gitt tillatelse til tiltaket.

Vurdering:

Vurdering etter naturmangfaldlova, HMS og Jordvern:

Kommunen har vurdert saka etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet. Den samla belastninga for økosystemet vert vurdert lokalt på staden for omsøkte flytebryggje og sett i ein større samanheng.

Kommunedirektøren vil og peika på at omsøkte stad ikkje er i område med særskilte natur- eller viltverdiar. Det er heller ingen friluftslivintereser eller miljøverdiar på omsøkte stad som vil bli rammet av tiltaket. Vidare er det ikkje vurdert at det føreliggje noko tryggleiksrisiko for omsøkte tiltak vedrørende Støyskjermane.

Når det gjeld spørsmålet om kulturminneinteresser kan det visast til brev frå Vestland Fylkeskommunes kulturminnefagleg merknad. Det stadfestar att det er ønskje om fleire detaljer om omsøkt gangveg., særleg teikningar med snitt og plan som visar nær- og fjernverknad av tiltaka frå sjø og land. Vidare påpeikast det att det er automatisk freda kulturminne i sjø nær omsøkt gangveg. Kommunedirektøren er samd i vurderinga om att det ikkje kan gjerast nokon tiltak i sjø utan vidare. Søknaden er imidlertid berre til eit rammeløyve. Kommunedirektøren tek den kulturminnefagleg merknaden til vitande og vil følgje dette opp i handsaming viss det kjem inn søknad om igangsetjingsløyve. Då vil i så fall kulturminnefagleg merknad vere naturlege avgrensingar i eit eventuelt løyve.

Når det gjeld gangvegen uttaler Statsforvalteren att gangvegen inneber att ein krysse fylkesvegen 2 gonger. Dette er ikkje heilt riktig. Gangvegen kryssar berre vegen ved innkøyrsel til Kilstraumen. På austsida vil gangvegen gå under fylkesvegen. Man kan dermed bruke gangvegen utan å krysse vegen. Men det vil likevel vere sannsynleg med auka mengde gåande over vegen. Dette er ein risiko som

likevel kan minimerast i samråd med Vestland Fylkeskommune når det kjem inn detaljert søknad til igangsetjingsløyve.

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.



Utsnitt frå Artsdatabanken

Kommunedirektøren meiner at vern av naturmangfaldet og miljø vert ivaretekne om det vert gjeve dispensasjon som omsøkte.

Kommunedirektøren finn ikkje at dei omsøkte tiltaka vil koma i konflikt med naturmangfaldslova. Kommunedirektøren meiner difor at ein etter naturmangfaldlova kan gjeve dispensasjon her til omsøkte tiltak.

1. Gangveg

Omsøkt tiltak er heilt nede i strandlinja, og ligg følgeleg innanfor Strandsona, jf. pbl. § 1-8.

Etter pbl. § 1-8 første til tredje ledd følger det:

«I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringer kan ikke settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann. Dette er likevel ikke til hinder for fradeling ved innløsning av bebyggelse festet etter tomtefestelova.

Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2»

Bestemmelsen i § 1-8 andre ledd uttrykker eit generelt forbod mot fradeling, oppføring og endring av tiltak i 100 –metersbeltet langs sjøen, med unntak av fasadeendringar. Byggjeforbodet skal sikra ålmenta tilgang til strandsona sine kvalitetar som friluftsliv- natur- og kulturområde. Strandsona er underlagt eit særleg vern, og det er difor ein høg terskel for å dispensera frå §1-8. Kommunen har eit særleg fokus på å hindre at strandsona vert privatisert.

Det følg imidlertid av § 1-8 tredje ledd att byggegrense i plan kan endre dette. Føresegna til bebyggelsesplanen (id-2002004) punkt 4.1.1. lyd som følgjer:

- 4.1.1 Det kan opparbeides en gangvei/brygge langs eiendommens strandlinje i friluftsområdet. Bredden på denne skal være maksimum 1.5 m. Gangvei/brygge skal bygges i en lett konstruksjon som fundamenteres på land eller i fjæra. Gangvei/brygge kan evt. anlegges som flytebrygge utenfor fylling sør for riksveien. I området ved/under bro kan det bygges mindre treplattinger på land for opphold og fiskeplass.

Bestemmelsen opnar klart for å oppretta gangveg langs heile den omsøkte traséen. Det føreligg imidlertid ikkje konkret en «annen byggegrense» i bebyggelsesplanen føresegn.

Spørsmålet er om eldre plan som opnar for tiltak i 100-metersona går føre forbodet i § 1-8 andre ledd, sjølv om det ikkje finnast eksplisitt byggegrense i plan.

Spørsmålet har vore vurdert av Sivilombudet. I SOM-2014-2809 uttalte Sivilombudet at det måtte føreligge klar byggegrense i eldre plan (før pbl. av 2008) for å opne for tiltak innanfor strandsona. KMD hadde motsett syn. Det vert fremma forslag om lovendring i tråd med Departementets syn på saka. Forslaget ble ikkje vedteke. Det vert uttalt av fleirtalet i energi- og miljøkomiteen i Innst. 181 L (2016-2017) s. 8 :

«Flertallet viser til at Sivilombudsmannen i forbindelse med en byggesak i Buskerud har uttalt at departementets lovtolkning er feil, og uttalte den 27. februar 2015 at eldre planer uten byggegrense ikke kan gå foran byggjeforbudet i strandsonen. Flertallet viser til at Sivilombudsmannen har støtte for dette synet i juridisk litteratur.

Flertallet mener at hensikten med dagens bestemmelse i § 1-8 er å hindre ytterligere byggeaktivitet i

100-metersbeltet, og at dette bør gjelde for alle planer. Flertallet mener at Sivilombudsmannens tolkning av at eldre planer uten byggegrense ikke skal gå foran ny plan i strandsonen, er i tråd med prinsippene om byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjø.»

Det er dermed klart at Sivilombudets forståing av forholdet mellom eldre plan og byggeforbudet i pbl. § 1-8 andre ledd må leggest til grunn som gjeldande rett.

Etter dette må omsøkte gangveg ha dispensasjon frå pbl. § 1-8 andre ledd.

Videre skriv søkar att det ikkje trengs dispensasjon frå KPA grunna føresegn 1.6.2 bokstav d:

§ 1.6.2 Byggegrense mot sjø

Følgjande byggegrense gjeld mot sjø i eldre eksisterande reguleringsplanar for areal lagt ut til følgjande føremål så fram tanna byggegrense ikkje er vist i kommuneplankartet eller reguleringsplan:

- a. Fritidsbustad/bustad (ny eining) = 30 m
- b. Hamn/kjoi = 0 m
- c. Naust (framtidig og eksisterande), småbåthamn, båtopptrekk, flytebyggjer og fellesanlegg = 0 m
- d. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur med underføremål = 0 m
- e. Næring/industri = 0 m

I KPA er imidlertid område Næringsområde, jf. Bokstav e. Men dette kan ikkje utfylle manglande byggegrense i bebyggelsesplan som er regulert til friområde. Dermed trengs det også dispensasjon frå KPA si byggegrense mot sjø.

Vurderinga om dispensasjon skal gjevast etter pbl. § 19-2 må vurderast mot både pbl. § 1-8 om strandsona og etter pbl. § 11-6 om rettsverknaden av kommuneplanen sin arealdel.

Etter pbl. § 1-8 første til tredje ledd følger det:

«I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringar kan ikke settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann. Dette er likevel ikke til hinder for fradeling ved innløsning av bebyggelse festetomt etter tomtefestelova.

Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2»

Bestemmelsen i § 1-8 uttrykkjer eit generelt forbod mot fradeling, oppføring og endring av tiltak i 100 –metersbeltet langs sjøen, med unntak av fasadeendringar. Byggeforbudet skal sikra ålmenta tilgang til strandsona sine kvalitetar som friluftsliv- natur- og kulturområde. Strandsona er underlagt eit særleg vern, og det er difor ein høg terskel for å dispensera frå §1-8. Kommunen har eit særleg fokus på å hindre at strandsona vert privatisert.

Ei gangveg for ålmenta vil kunne auka bruken av området og gjera det meir tilgjengeleg. Omsøkt tiltak er difor ikkje sett på som eit privatiserande tiltak. Kommunedirektøren meiner difor at ei

gangveg på omsøkt stad *ikkje* vil medføre privatisering av strandsona i området.

Samstundes vil gangveg på område med ein utbetra tilgang til strandsona kunne ivareta dei allmenne interesser i strandsona gjennom å gjera den meir funksjonell. Det er ønskjeleg for kommunen at strandsona her også skal kunne nyttast av ålmenta.

Kommunen har vore på synfaring. Det er ikkje urørt strandsona som vert omsøkt her. Inntrykket til området vil dermed ikkje påverkast i særleg grad og området sin karakter gjer at det estetisk kan vurderast gangveg på søkt område.

Kommunedirektøren meiner at omsøkt tiltak ikkje vil redusera samfunnstryggleiken eller vera ein farleg plassering i forhold til vind og ver. Det er positivt at ein kan få tilrettelegga for ålmenta si bruk av strandsona på eit område som allereie er eit sentralt samlingsområde i kommunen.

Problemet er at bebyggelsesplan ikkje er inneheld byggegrense, men føresegna legg klart til rette for å kunne utvikle gangveg i strandlinja. Det er likevel eit føresegn i plan som har relevans, så må dette balanserast med dei statlege føresegna om sterkare fokus på vern om strandsona som er kome i nyare tid.

Likevel vil det å få på plass ei gangveg her vil lette tilgong og ferdsel til strandsona for ålmenta i eit området som står sentralt i kommunen.

Det omsøkte tiltak vil nytte allereie eksisterande infrastruktur med etablerte atkomstveger til område. Intern veg, parkeringsplass og atkomstveg er etablert i forbindelse med tidlegare utbygging i område. Ålmentas ferdsel i strandsona vil ikkje bli negativt påverka av det omsøkte tiltak.

Det føreligg statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona lang sjøen. I kapittel 3 går det fram at:

«Byggeforbudet i pbl. § 1-8 gjelder de tiltak som fremgår av pbl. § 1-6, med unntak av fasadeendringer. Dette innebærer at det i 100-metersbeltet langs sjøen ikke er tillatt å iverksette oppføring, riving, endring, endret bruk og andre tiltak knyttet til bygninger, konstruksjoner og anlegg, terrenginngrep eller opprettelse og endring av eiendom. Byggeforbudet gjelder også annen virksomhet og endring av arealbruk som vil være i strid med arealformål, planbestemmelser og hensynssoner.

Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen gjelder også for eldre planer uten fastsatt byggegrense. Dersom kommunen har åpnet for utbygging og fastsatt byggegrense i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, gjelder ikke lovens byggeforbud.

I kommuneplanens arealdel kan kommunen gi bestemmelser som tillater visse tiltak i 100-metersbeltet, jf. pbl. § 11-11 nr. 4. Dette gjelder nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs sjøen med sikte på landbruk, reindrift, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til sjøs, jf. pbl. § 11-7 nr. 5 og 6.»

Vidare har dei statlege retningslinjene lagt opp til ein differensiering av strandsona gjennom planlegging. I kapittel 4 lyd det følgjande:

«Soneinndelingen tar ikke fullt ut hensyn til lokale forskjeller i utbyggingspress og verneverdier innad i den enkelte kommune. Retningslinjene legger derfor opp til at ytterligere differensiering kan gjøres i

kommuneplanens arealdel.

I områder med lite utbyggingspress og mye tilgjengelig strandsone, kan det i større grad godkjennes nye tiltak enn i områder som har lite tilgjengelig strandsoneareal og stort utbyggingspress. Tiltak i 100-metersbeltet må alltid vurderes mot hensynet til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.»

I det vidare er det i kapittel 10 i dei statlege retningslinjene opplista område med mindre press (Sone 3) på arealane. Her er Austrheim kommune opplista som ein av desse kommunane.

Austrheim kommune har gjennom bebyggelsesplan for omsøkt område vurdert kva tiltak som kan gjerast i strandsona. Det vert imidlertid umogeleg for kommunen å planlegge finmaska detaljer i planprosessen og samtidig føresjå endringar i lovgjevinga. Slik kommunen ser det vil eit dispensasjonsvedtak i denne saka heller ikkje skape ein presedensverknad for gangvegar i regulert område. Årsaka er at omsøkt område ligg i eit allereie etablert område kor det eksplisitt i føresegna til gjeldande bebyggelsesplan er opna for gangveg i område for med omsøkt tiltak. Det finnast ingen tilsvarande område i Austrheim kommune. Ein kan dermed ikkje sjå at dette skal kunne skapa fleire søknadar.

Kommunen (formannskapet) kan med heimel i pbl. § 19-2(1) "gi varig eller midlertidig dispensasjon frå bestemmelser fastsett i eller i medhald av denne lov."

Det følger imidlertid av andre ledd at dispensasjon ikkje kan gis dersom omsyna bak bestemmelsane det dispenserens frå, eller omsyna i lovens føremålsbestemmelse, eller nasjonale eller regionale interesser blir "vesentlig tilsidesatt." I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon være "klart større enn ulempene. "

Spørsmålet er om dei omsyn bak område i kommuneplanen, omsyna i lovens føremål eller nasjonale eller regionale interesser blir «vesentlig tilsidesatt» ved å gi dispensasjon til rammeløyve for omsøkt gangveg.

Ordlyden peiker på at det ikkje er nok at omsyna blir tilsidesett, men dei må vere merksamte tilsidesett jf. omgrepet «vesentleg».

Det er ønskjeleg at strandsona skal nyttast av ålmenta og at strandsona ikkje skal byggjast ut bit for bit. Sett i samanheng med at det allereie føreligg bryggje og naust på omsøkte område vil ikkje omsøkte tiltak føra til særleg privatisering, men derimot gjere det meir tilgjengeleg. Videre vil det ikkje vere snakk om å byggje ut strandsona bit for bit her. Det er tale om eit reversibelt tiltak i eit allereie regulert og etablert område. og vil ikkje tilsidesette omsyna bak byggjegransa i «vesentlig» grad.

Slik kommunen ser det vert dermed dei omsyn bak område i kommuneplanen og omsyna i lovens formål ikkje «vesentlig tilsidesatt» ved å gi dispensasjon til rammeløyve for omsøkt gangveg.

Det neste spørsmålet er om fordelane ved å gi dispensasjon vil vera "klart større enn ulempene. "

Ordlyden peikar på at det føreligg ein høg terskel for dispensasjon ettersom fordelane må vere «klart større» og det må føretakast ein samla vurdering av alle omsyn.

Det er ikkje tilstrekkeleg for dispensasjon at ulempene ved dispensasjon er beskjeden. Vurderinga må

viser at det føreligg relevante, klare og positive fordelar enn ulempene. Lovens vilkår om kvalifisert interesseovervekt krev at dei relevante fordelane må ha stor vekt dersom vilkåret skal vere oppfylt.

Som tidlegare nemnt er omsøkte område i eit allereie regulert og etablert område. Det er ikkje eit urørt område. Vidare er fordelane med å gi dispensasjon til gangveg her at ein faktisk vil gjere eit sentralt samlingspunkt i kommunen tilgjengeleg for ålmenta i strandsona. Det er viktig for Austrheim kommune at område i strandsona kor ein ønskjer aktivitet vert så tilgjengeleg som mogeleg. Den omsøkte gangveg vil etter kommunen sitt syn fremja dette omsynet. Kilstraumen er eit viktig samlingspunkt i kommunen. Samstundes finn kommunen at ulempene ved tiltaket er minimale i eit allereie rørt sjøområde som faktisk er regulert til aktivitet, og ettersom det arealmessig må opplevast som beskjeden samanliknast med dagens tilstand. Det er også positivt att gangvegen kan legge til rette for rullestolbrukarar og barnevogner i strandsona, i tråd med føremålet i pbl. § 1-1. Det er ønskeleg for kommunen å utvikla område i tråd med dei føremål som låg bak føresegn som vert godkjent i bebyggelsesplan. Omsøkt tiltak vert utvikla klart til fordel for område når det blir gjort i tråd med omsyna bak bebyggelsesplanen si intensjon.

Eit dispensasjonsvedtak i denne saka kan etter kommunedirektøren si vurdering heller ikkje skapa presedens for gangveg i strid med strandsonaomsyna i område og elles i kommunen, jf. ovanfor. Kommunedirektøren meiner at det bør givast dispensasjon til rammeløyve til gangveg ettersom fordelane ved å gi dispensasjon her er *“klart større enn ulempene.”* Kommunedirektøren rår til at det vert gjeve dispensasjon som omsøkt.

2. Støyskjerm:

Tatt i betraktning sterke merknader frå Statsforvalteren i Vestland, og Vestlands Fylkeskommune har kommunedirektøren store atterhald med å realitetsbehandla søknad om rammeløyve for støyskjerm før tilstrekkeleg dokumentasjon er innsendt frå søkar. Dette gjeld då særleg avstand frå midtpunkt i veg til støyskjerm – som ikkje er dokumentert - og korleis tiltenkt støyskjerm vil kunne kome i konflikt med regulert gang- og sykkelveg. Elles visast det til merknadane frå statlege myndar peikar på om manglande dokumentasjon. I tråd med det grunnleggande forvaltningsrettlege prinsippet i forvaltningslova § 17, jf. plan- og bygningslova § 1-9 første ledd må kommunedirektøren be søkar om meir informasjon før ein kan ta stilling til søknaden.

Kommunedirektøren presiserer att det dette ikkje avisar søknad om rammeløyve til støyskjerm, men utsett handsaming til tilstrekkeleg dokumentasjon er på plass.

Konklusjon

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til rammeløyve for omsøkt gangveg:

1. Gangveg byggast i tråd med føresegna i bebyggelsesplan punkt 4.1.1.
2. Gangveg må ikkje kome i konflikt med kulturminne på staden.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland og Vestland Fylkeskommune for klagevurdering.

